

## Retningsline for sensorrettleiing

Godkjent av høgskuledirektøren 24.04.2019 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015 og Universitets- og høyskoleloven av 01.04.2005, med endringar frå 01.07.2018.

1. I Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) av 1. april 2005, med endringar frå 1. juli 2018, står det i § 3-9 (2) at det skal «...utarbeides skriftleg sensorveiledning til alle eksamener». I § 5-3 (3) står det vidare «Sensorveiledningen skal være tilgjengelig for kandidatene etter at karakterer er fastsatt».
2. Føremålet med sensorrettleiinga er å hjelpe sensorane til å setje riktige karakterar på eksamenssvar og slik bidra til at karakterane i minst mogleg grad er avhengig av den enkelte sensor eller andre faktorar. Sensorrettleiinga skal hjelpe studentar til å forstå karakteren sin.
3. Sensorrettleiinga skal publiserast i Canvas og i eksamensverktøyet etter at karakteren er fastsett.
4. Sensorrettleiinga skal vere tilpassa emnet og eksamenen. Ein skal presiserer kva som er forventa at studenten skal kunne, i lys av læringsutbytteformuleringar for emnet.
5. Sensorrettleiinga skal innehalde ei beskriving av karaktersettinga på den aktuelle vurderinga.
  - a. Som minimum bør rettleiinga presisere kva som vert kravd for at ei oppgåve skal kunne få bestått karakteren (E) og kva som vert kravd for at ei oppgåve skal kunne få beste karakter (A).
  - b. Målet med karakterbeskrivingane er å gi sensorane informasjon etter avlagt eksamen om kva som vert kravd for å få eit godt resultat.